



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv

---

Til samtlige departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-8/2004

Vår ref  
04/2980/TT/sbp

Dato  
01.10.2004

### Statsbudsjettet medrekna folketrygda 2004. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – ny saldering

Retningslinjene for statsbudsjettet 2004 inneber at forslag til større endringar på inntekts- og utgiftssida skal gjerast i to rundar, ein om våren og ein om hausten. Saman med forslag frå fagdepartementa om heilt nødvendige utgiftsauker eller reduksjonar av inntekter, skal det fremjast forslag om tilsvarande realistisk inndekking på eige budsjett, før saka blir lagt fram for Regjeringa. Forslag om auka utgifter og reduksjonar av inntekter som vert fremja utan inndekking vil derfor som hovudregel bli avviste.

I tråd med desse retningslinjene vil Finansdepartementet leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2004.

Finansdepartementet ber om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2004 som det er nødvendig at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Fagdepartementa bør også sende inn saker om overskriding av mindre omfang som normalt kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon. Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere nødvendig å sette ned årsløyvinga for å tilpasse løyvinga til kravet om realistisk budsjettering.

Stortinget gav Finansdepartementet under handsaminga av St. prp. nr. 83 (2003-2004) ein fullmakt til å endre løyvingar som følgje av endra departementsstruktur frå 1. oktober 2004. Forslag til endringar må sendast inn til Finansdepartementet.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 18. oktober 2004.

Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar oppgitt i 1000 kroner:

Postadresse:  
Postboks 8008 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse:  
Akersg 40

Telefon – sentralbord  
22 24 90 90  
Org. nr.:  
972 417 807

Finansavdelingen  
Telefon: 22 24 43 03  
Telefaks: 22 24 95 05

- Rekneskap 2003
- Saldert budsjett 2004 + tilleggsøyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2004

I Hovedbudsjettsskriv for 2004 datert 29. mars 2004 blei departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsøyvingar for 2. halvår 2004 innan 16. august 2004. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.


Etter at Regjeringa har handsama forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa legge fram eigne proposisjonar med dei forslaga som blei godtekne. Fristen for å legge fram slike proposisjonar er 12. november 2004.

Stortinget gav Regjeringa to ulike fullmakter ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2004. Disse inneber at departementa skal spare inn utgifter for i alt 58,5 mill. kroner fordelt på departementas drifts- og investeringsutgifter, samt på nettobudsjetterte verksemder, og at statlege verksemder skal få kompensasjon på i alt 157,5 mill. kroner for innføring av el-avgift frå 1. juli 2004. Regjeringa har vedteke endringar i løyvingane for kvart departement, som nå må spesifisera endringane på kapittel, post og underpost for kvar av fullmaktene i innspelet til Finansdepartementet.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2004 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 28. november 2004.

Med helsing

  
Morten Baltzersen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

  
Trond Tørstad  
rådgjevar

Sakshandsamar: Trond Tørstad, tlf: 22 24 43 21